

Chr. Michelsens Institutt
Att Informasjonsa. Ingvild Hestad
Postboks 6033 Postterminalen
N-5892 BERGEN

Side: 1
Totalt antall sider: 2

Chr Michelsens Institutt

Kontakt:
Kundesenter
Tlf: +47 23 00 25 48
Fax: +47 23 00 25 01
kundesenter@observer.no

Dag og Tid
Dato/nr: 24.06.2006
Redaktør: Svein Gjerdåker
Telefon: 22 33 00 97
Kilde type: Nisjeavis
Emne: MBL kilder
Utgiversted: Oslo
Fylke: Oslo
Frekvens: 1/uke
Opplag: 7.054
Lesere: 19.000
Artikkelareal: 524 cm²
Side: 2,3



Afghanistan: Trygt for kven?

2911

2
TSV

Samstundes som norske styresmakter førebubur utsending av afghanske asylsøkkjarrar, av di det er trygt i Kabul, så er også ein ny kontingent norske troppar på veg, av di det er utrygt i Afghanistan.

Det er ingen tvil om at tryggleiken er forverra i Afghanistan det siste året, ikkje minst for afghanarane. Men der er fleire årsaker og der er store skilnader i ulike delar av landet. I sør har Operation Enduring Freedom under amerikansk kommando drive aggressiv krigføring sidan 2001, med stadig aukande militær motstand, i resten av landet har ein International Security Assistance Force prøvd å sikra fred, med nokolunde brukbart resultat. Samstundes har narkotikaproduksjonen auka dramatisk, lokale konflikter om vatn og land (som dei militære styrkane ikkje grip inn i) medfører dagleg valdsbruk, og militante grupper nyttar våpen til å sikra seg makt. Tilhøva er så

utrygge at FN-tilsette har reiseforbod i store delar av Afghanistan, og frivillige organisasjonar har vorte mål av di militante grupper ser dei som ein forlengd arm av det militære.

Brotne lovnader

Den afghanske regjeringa er i liten grad i stand til å bidra til eiga utvikling. Dei skaffar berre fem prosent av sitt eige utviklingsbudsjett, resten avheng av internasjonale donorar, og minst 50 prosent av økonomien er svart. Der er eit enormt gap mellom lovnadene frå 2001 om tryggleik, kvinnefrigjering og utvikling og den realiteten afghanarane står overfor i dag. Det er ein av hovudgrunnane til frustrasjonen me såg utspela seg i åtak på utanlandske organisasjonar i Kabul nyleg. Koopteringsstrategien som har vore førd mot tidlegare kommandantar, for å redusera det militære trugsålet mot Kabul-regjeringa, har svekt omdømmet til regjeringa endå meir. Kommandantar med svært dårleg rulleblad har hamna i viktige posisjonar som provinsguvernørar, politisjefar og i leiarstillingar i dei militære. Over 50 prosent av dei som er innvalde i parlamentet har tilknytning til militante grupper – trass i at vallova la ned forbod

mot det. Det medfører svekt tillit til den nye afghanske staten og det nye demokratiet.

Feil middel

Svaret har vore rop på større militære styrkar og meir bistand. Motstanden skal knusast militært ein gong for alle og bistand skal gje folk fornya tillit til president Karzai og det internasjonale samfunnet. I Noreg er der fremja ønske om å yta meir bistand i Faryab-provinsen der me har eit Provisjonal Reconstruction Team, i tru på at det vil redusera det militære trugsålet mot norske soldatar. Samstundes tyder avisartiklar på at der er ønske om på nytt å senda norske spesialstyrkar ut, etter at dei vart trekte attende etter regjeringsskiftet.

Problemet er at historie og sunn logikk tilseier at dette er heilt feil verkemiddel. Same kor delte afghanarane har vore etter etniske og religiøse linjer, så har dei alltid samla seg mot dei ser som militære inntrengjarar. Når no internasjonale styrkar bombar moskear og landsbyar, ransakar kvinner og føreteik vilkårlege arrestasjonar, er det svært lett å mobilisera motstand imot dei. Taliban og andre kan framstå som vern mot inntrengjarane, og mot den nye afghanske militsen president



Kontakt:
Kundesenter
Tlf: +47 23 00 25 48
Fax: +47 23 00 25 01
kundesenter@observer.no

Chr. Michelsens Institutt
Att Informasjonsa. Ingvild Hestad
Postboks 6033 Postterminalen
N-5892 BERGEN

Side: 2
Totalt antall sider: 2

Chr Michelsens Institutt



Dag og Tid
Dato/nr: 24.06.2006
Redaktør: Svein Gjerdåker
Telefon: 22 33 00 97
Kilde type: Nisjeaviser
Emne: MBL kilder
Utgiversted: Oslo
Fylke: Oslo
Frekvens: 1/uke
Opplag: 7.054
Lesere: 19.000
Artikkelareal: 524 cm²
Side: 2,3



Karzai er i ferd med å oppretta. Dermed kan Taliban no mobilisera militært i langt større grad inne i Afghanistan, medan dei tidlegare kom inn frå Pakistan. Dei kan vera bønder om dagen, Taliban om natta. Og då er me attende til den måten krigføringa vart førd mot sovjetinvasjonen, og i dei tidlege dagane til Taliban.

Det som trengst

I ein slik situasjon nyttar det ikkje

med fleire soldatar og meir synlege bistandsarbeidarar, tvert imot kan det auka frustrasjonane og synleggjere mangel på tryggleik og bistand. Det som trengst, er at den politiske fredsprosessen vert fornya, utanlandske soldatar prioriterer å sikra fred for den vanlege afghanaren, bistand og militært strategi vert skilde frå kvarandre. Ein større del av bistanden må kanaliseras gjennom afghanske organisasjonar og

tirma, og den afghanske regjeringa må gjennomføra reformer som kan sikra folkeleg tillit.

Elles kjem vi også i framtida til å sitja med valet om å senda ut militærstyrkar eller asylsøkjjarar til Afghanistan.

Arne Strand

Arne Strand er seniorforskar ved Chr. Michelsens institutt i Bergen.

2911

2
TSV

